



Haugland Maskin har fått i oppdrag å utbetra og rusta opp den temmeleg slitte vegen rundt jordet på Dønhaug og firmaet er no i full gang (over). Samstundes vert gangvegen grusa på den siste biten ned mot køyrevegen (under) og det er samme firma som også her er i ei nøkkelrolle.

- Uskedal Utvikling kjenner ansvar for å halda den populære gangvegen over Dønhaug i skikkeleg stand og to firma har her vore til uvurderleg hjelp og har sponsa oss, fortel leiar Kristian Olav Bringedal.

Han siktar både til Norstone-leiinga som i ettermiddag spanderte eit stort gruslass og Haugland Maskin som køyrde grusen ut.

Foto: Ola Matti Mathisen

